



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Formannskapet	26.01.2015	004/15	SBL
Kommunestyret	09.02.2015	009/15	SBL

Saksansvarleg: Åse Egeland

Arkiv: K2-  
S90, K3-&30

Arkivsaknr.: 12/2668

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

### Nye Oterholtfoss kraftverk - konsesjonssøknad september 2014 - høyring

**Vedlegg:** NVE Norges Vassdrags- og energidirektorat sin artikkel på nve.no om høyring.  
Søknad om konsesjon for bygging av nye Oterholtfoss kraftverk 12.09.2014 frå Midt-Telemark Enegi AS – alle dokument tilgjengeleg på [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft)

**Saksomtale:** Midt-Telemark Energi AS (MTE) har 12.09.2014 søkt om løyve til utbygging av Nye Oterhotfoss kraftverk og kommunen er ein viktig høyringspart til NVE i saken.  
Det er søkt om konsesjon med heimel i lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven). Etersom årsproduksjonen er større enn 40GWh gjeld også ein del reglar i vassdragsreguleringslova. Eit løyve har som føresetnad å gje heimel for «ervert av nødvendig grunn for utbyggingen».

Rådmannen legg saka om uttale fram for kommunestyret.

#### *NVE – offentleg gjennomsyn*

NVE Norges Vassdrags- og energidirektorat har lagt søknaden ut til offentleg gjennomsyn, med merknadsfrist 6. februar 2015 (for Bø kommune er fristen sett til 13.02.2015 av omsyn til planlagt kommunestyremøte). Torsdag 15. januar 2015 kl. 19.00 har NVE hatt orienteringsmøte om saksbehandlinga og MTE har hatt utgreiing om konsekvensane ved ei eventuell utbygging. Søknad og fagrapportar er også i papirversjon vore lagt ut til gjennomsyn på kommunehuset, biblioteket, Bekkevoll (teknisk) og Gullbring kulturanlegg samt hos søkjaren MTE, Ulefoss.

Samtidig er brosjyre om søknaden distribuert til alle husstandane i distriktet (kommunen).

Det er presentert to alternativ for plassering av kraftstasjonen. Hovudalternativet har utlaup ved Piperudsletta og vil gje ein årleg produksjon på om lag 56 GWh. Inntaket er planlagt på toppen av Oterholtsfossen for begge alternativ.

### ***Sakshandsamingsrutinar***

ved søknad med konseskvensutgreiing som skal slutthandsamast av Olje- og energidepartementet (OED). Desse rutinane seier at NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gje ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområder. Vassregion-myndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

### ***Bø kommune – ulike rollar***

Bø kommune representerar både samfunns- og eigarrollen i denne saka. Jfr side 10 i søknaden om «presentasjon av tiltakshavaren»: *«MTE- fronter den formelle saksgangen med ansvar for melding og konsesjonsøknad og vil også være en viktig aktør i et utbyggingsselskap der også Bø kommune, som er den største falleieren, forventes å bli en viktig deltaker».*

Arbeidet med utbygging av Bøfossane starta langt attende i tid og i 1985 vart det sendt søknad om utbygging av Bøfossane og Herrefoss kraftverk. MTE har arbeidd vidare med prosjektet og Bø kommunestyre har i møte 27.05.2013 – k.sak nr. 42/14 vedteke følgjande:

Bø kommunestyre gjev løyve til utgreiing og utbygging av «Nye Oterholtfoss» som omtala i alternativ 2 (Piperudsletta). Vedtaket er under førsetnad av at det ikkje kjem fram store negative miljøkonsekvensar i den komande konsekvensutgreiinga, samt at prosjektet er økonomisk lønsomt. Etter konsekvensutgreiinga skal saka opp til ny politisk behandling i Bø kommune.

Midt-Telemark Energi AS får løyve til å stå for både utbygging og drift av «Nye Oterholtfoss» slik prosjektet er lagt fram, jfr. Midt-Telemark Energi som pr i dag er eigar og drivar av «Gamle Oterholtfoss».

Vedtaket er under førsetnad av at saka er behandla og godkjent i styret for Midt-Telemark Energi AS.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine heimesider samtidig som den er sendt til 52 interessentar – 6 personar/grunneigarar, 8 lokale lag og organisasjonar, 13 fylkeslag og 25 offentlege instansar og organisasjonar på landsplan.

Etter høyringsperioden får søkjaren høve til å kommentere innkomne fråsegner.

NVE vil så i samarbeid med søkjar invitere til ei synfaring der ulike partar vil få høve til å delta. NVE vil etter dette gje si tilråding til OED og tilråding blir lagt ut på ei avgrensa høyring til kommunar og departement som saka vedkjem.

Gjennom prosessen skal NVE sikre at det er gjort greie for alle sider ved saka slik at det kan fattast eit vedtak der fordelar og ulemper er vekta opp mot kvarandre. MTE har utarbeidd søknaden i tråd med krav i «NVE veileder 3/2010 Konesjonshandsaming av vasskraftsaker. Rettleiar for utarbeiding av meldingar, konsekvensutgreiinga og søknader.»

### ***Kommunale planar***

Utbyggingsområdet er omfatta av arealdelen til kommuneplan som er under revidering i desse dagar. Følgjande er lagt inn som utkast til planomtale vedkomande «omsynssone» kraftutbygging:

*Strekninga det er søkt om konsesjon for er vist som omsynssone for bandlegging i påvente av vedtak etter vassdragsreguleringslova i forslag til ny arealdel av kommuneplanen. Innafor omsynssona er tiltak som kan gjere det vanskeleg å etablere vasskraft ikkje tillate. Rettsverknaden for bandlegging i påvente av vedtak etter anna lovverk går bort etter fire år etter at kommuneplanen er vedtatt. Kommuneplanens arealdel vil bli vedtatt i løpet av våren 2015.*

### ***Andre samfunnsmessige tilhøve***

*Planforum i Bø kommune har drøfta saka i møte 15.01.15, kommunen skal ha møte med NVE og Midt-Telemark Energi 15.01.15 og folkemøtet blir halde same kveld 15.01.15. Det er difor ein del opplysningar som vi vil fange opp i desse møta som må innarbeidast i saka. Vi vil difor ettersende tilleggspunktar som gjeld kommunens rolle som samfunnsaktør og tilråding.*

*Det var eit godt besøkt folkemøte på Bø hotell torsdag 15. januar 2015 kl. 19.00 med 110 deltakarar.*

Føremålet med høyringa er at NVE skal få inn synspunkt på dei framlagte planane og dei ulike alternativa, vurdert etter konfliktgrad. NVE ønskjer

grunngeve syn på om planane bør gjennomførast, val av alternativ og avgrensing av planane. Vidare ønskjer NVE forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. I tillegg blir det bede om ei vurdering av om konsekvensutgreiningane gir tilstrekkelege opplysningar om tiltaka sine verknader.

Som nemnt ovanfor forventar NVE at kommunen særskilt omtalar forhold til kommuneplanen. I tillegg ber NVE kommunen gi ei oversiktleg framstilling mellom omsøkte planar og dei lokale interessene. Bø kommune som medeigar i MTE og eigar av fallrettar i Bøelva har gjennom prosessen gitt ulike innspel til utbyggjaren og mange punkt ar difor innarbeidd.

Konsesjonssøknaden er utarbeidd i samsvar med *retningslinene frå NVE – veileder 3/2010* og inneheld ein søknad med 91 sider og tillegg av kart som ligg som vedlegg. I tillegg er det utarbeidd «fagutredningar for konsesjonssøknaden» med følgjande innhald:

- Vannlinjeberegninger
- Hydrologi
- Naturmiljø
- Forurensing
- Fisk og ferskvannsorganismer
- Friluftsliv
- Kulturmiljø
- Naturressurser
- Landskap
- Nærings- og samfunnsinteresser
- Elvepadling
- Foto frå vassdraget.

### ***Grunngjeving for tiltaket***

Utbyggjaren seier følgjande om grunnlaget for å søkje om konsesjon – jfr søknad side 10:

## 1.2 Begrunnelse for tiltaket

Bakgrunnen for å fremme utbyggingsplanene er for det første å realisere den verdien som ligger i fallet, både for Bø kommune som er største falleier, for private falleiere og samfunnet for øvrig. Vassdraget er allerede regulert, og en utbygging av et nytt kraftverk vil øke utnyttelsen av reguleringsanleggene oppstrøms og gi kraft med en betydelig vinterandel uten at det må bygges nye magasiner. Tiltaket vil også være et viktig bidrag for å nå det politiske målet om en spesifisert andel fornybar kraft og redusere utslippet av klimagasser. Basert på at prosjektet vil komme inn under ordningen med el-sertifikater, er økonomien ved utbyggingen vurdert som god.

Dagens Oterholtfoss kraftverk utnytter bare en liten del av potensialet i Oterholtfossen og er dessuten gammelt og nedslitt, men fornyelse og modernisering har vært utsatt i påvente av nye planer for en større utbygging. I 0-alternativet – ingen ytterligere utbygging – vil det bli nødvendig å ruste opp dette kraftverket hvis det fortsatt skal holdes i drift. En nybygging som foreslått er vurdert å være den beste samfunnsmessige måten å ivareta kraftverdiene i vassdraget på.

En tredje viktig hovedgrunn er hensynet til leveringssikkerhet og beredskap i distriktet. Telemark er sammen med Vestfold blant de områdene i landet som har den dårligste leveringssikkerheten når det gjelder elektrisk kraftforsyning, og i MTEs fordelingsnett spesielt er Bø, der krafta i hovedsak vil bli brukt, det mest sårbare området.

### **«Antatte virkninger av utbyggingen for miljø, naturressurser og samfunn»**

I søknaden er det oppsummert slik om dette punktet på side 4:

Tiltaksområdet og influensområdet har betydelige miljøverdier knyttet til landskapsopplevelse, ulike friluftslivsaktiviteter, anadrom fisk og forekomst av vanntilknyttede, rødlistede arter. I influensområdet finnes det også en rekke verdifulle kulturminner- og miljøer. Den største negative virkningen av utbyggingen, uavhengig av alternativ, vil være vesentlig redusert vassføring i Bøelva på den ca. 2,4 km lange utbyggingsstrekningen. Foringede levevilkår for anadrom fisk, elvemusling og rødlistede mosearter, redusert landskapsopplevelse og reduksjon eller bortfall av mulighetene til padling er vurdert som de største konsekvensene av den reduserte vassføringen i de fagrapportene som er utarbeidet. I anleggsfasen vil det kunne oppstå negative virkninger knyttet til direkte arealinngrep og støy/støv i forbindelse med deponering av masser og anleggsarbeidet for øvrig. Tiltaket ligger i et inngrepsnært område og påvirker ikke såkalte INON-områder.

Positive virkninger av den planlagte utbyggingen vil i første rekke være produksjon av 56 GWh forurensningsfri, fornybar energi pr. år i hovedalternativet. Krafta vil bli matet inn sentralt i forbruksområdet i Bø og i hovedsak brukt der, mens resten fordeles til overliggende nett i Bø og Sauherad. Dette vil ha stor verdi med hensyn til leveringssikkerhet og beredskap. Bø er det mest sårbare området i MTEs forsyningsområde.

Utbyggingen vurderes å ville få merkbar betydning for sysselsettingen og verdiskapingen både i kommunen og regionen i anleggsfasen. Driften av kraftverket vil gi få arbeidsplasser, men vil bidra til å sikre eksisterende arbeidsplasser i MTE og medføre behov for vare- og tjenesteleveranser. Bø kommune vil få skatteinntekter, konsesjonskraft og fallerstatninger, og eierkommunene i MTE utbytte gjennom medeierskapet.

For de fleste fagtemaene vurderes alternativ 2 som den beste utbyggingsløsningen da en langt kortere strekning av Bøelva blir berørt. Dette innebærer at de negative visuelle virkningene knyttet til den reduserte vassføringen blir mer begrenset, i tillegg til at friluftaktiviteter, naturverdier og kulturverdier blir berørt i mindre grad. De positive virkningene for lokalt næringsliv og Bø kommunes økonomi vil derimot være størst dersom alternativ 1 bygges.

### ***Avbøtende tiltak***

I samsvar med krava frå NVE skal utbyggjar gjere framlegg om eventuelle «avbøtende tiltak» som kan « redusere negative virkninger av utbyggingen ».

I samandrag side 5 er dette oppsummert slik:

Det er lagt til grunn at det skal slippes minstevassføring fra inntaket i begge alternativ med 4,5 m<sup>3</sup>/s om sommeren fra 1. mai til 30. september og 3,0 m<sup>3</sup>/s resten av året. Alternativt kan slippingen varieres for å imøtekomme behovene på en bedre måte. Slipping av spyleflommer kan være aktuelt, men i et middelår vil det være flommer som renner forbi inntaket på 30-40 m<sup>3</sup>/s som vil renske opp finsediment og algevekst. Forøvrig bør tiltak rettes mot å redusere ulike ulemper for fisk i elva.

Avløp med forurenset vann vil bli tatt vare på etter kravene i forurensingsloven både i byggeperioden og for den permanente driften av anlegget.

### ***Nærings- og samfunnsinteresser***

**Næringsliv og sysselsetting, befolkningsutvikling og bosetning, kommunal økonomi og tjenestetilbud**

Dette er eit viktig tema i søknaden og fagrapportane. På side 79 og utover er dette omtala, på side 85 er det ein samla oversikt over verdi og konsekvensvurdering i driftsfasen pr fagtema og alternativ.

Økonomisk vurdering er oppsummert slik (side 81):

Bø kommune vil få en rekke inntekter fra kraftverket som følge av skatter og avgifter, konsesjonskraft, fallrettigheter og medeierskap. En oversikt over beregnede inntekter som tilfaller kommunen som følge av utbyggingen er gitt i tabellen under. Inntektene er oppgitt per kilde og totalt.

Tabell 1. Anslag over inntekter til Bø kommune som følge av utbyggingen, kr/år

Type inntekt	Alternativ 1	Alternativ 2
Eiendomsskatt i byggefasen, anslag	År 1: 840 000	400 000 800 000
Eiendomsskatt i driftsfasen	År 2: 1 680 000	530 000
	1 090 000	
Naturressursskatt	630.000	300.000
Konsesjonsavgift	244 000	136 000
Konsesjonskraft	1 325 000	750 000
<b>Totalt, avrundet</b>	<b>3 300 000</b>	<b>1 700 000</b>
Fallverdi, anslag for engangsverdi, mill. kr Utbytte gjennom medeierskap	<b>4,0</b> Avhengig av resultat	<b>2,3</b> Avhengig av resultat

Bø kommune har i dag dårlig økonomi, og inntektene fra nye Oterholtfoss kraftverk vil representere et godt tilskudd. De kan bidra til positivt til det sentrale tjenestetilbudet, samt være med på å sikre arbeidsplasser i kommunen. De kommunaløkonomiske virkningene vurderes som middels til store positive.

Utbygging av Nye Oterholtfoss vil etter planen i alternativ 1 mate inn en effekt på 13,5 MW direkte i forbruksområdet. Utbyggingen vil derfor representere en svært viktig forbedring i leveringssikkerheten av elektrisk kraft i området, både for næringslivet og for ulike offentlige institusjoner og virksomheter.

Da samlede positive virkningene av utbyggingen vurderes ikke å være av et slikt omfang at de vil kunne ha noen innvirkning på befolkningsutvikling og bosetning i Bø kommune.

### *Planforum i Bø kommune*

Planforum representerar kommunens oppgåver vedkomande planverk som til dømes kommuneplan, reguleringsplanar, landbruk, miljø, kultur m.m. Etter drøfting i planforum har det kome nokre innspel som vi refererar her:

#### Landbruk når det gjeld jordbruk og deponi for steinmassar:

##### **Jordbruk:**

I høve til kraftverkspåverknad er det fyrst og fremst manøvreringa til Sundsbarm kraftverk som påverkar jordbruket langs Bøelva. Store jordbruksareal oppstrøms Sagafossen er påverka av vasstanden i elva. Ved høg vassføring kan jordbruksareal bli satt under vatn og dreneringssystem satt ut av funksjon. Når det gjeld foreslått utbygging av Oterholtfossen vil den ha forholdsvis liten innverknad i høve til jordbruksdrift. Mindre jordbruksareal mellom Oterholt og Midtbøhølen som ligg nær elva, og grøfteutløp nær elva, vil kunne bli påverka, dersom ny dam fører til høgare vassnivå.

##### **Tippområde Kåsa**

Tilrådd tipp for steinmasser er vist på Kåsa, eigedommen 44/3. Området er eksisterande dyrka mark (ca 10 dekar) og skogsmark. Skogarealet som grensar inntil den dyrka marka er godkjent dyrka opp ved tilkøyring av jordmasser, til ei samanhengande jordbruksareal på ca 27 dekar. Det er no køyrt inn nok jordmasser i dette området til å ferdigstille arealet til dyrka mark. Arealet ligg inntil eit bustadområdet, der det har vore klager i høve til massetransport og anleggsarbeid i samband med nydyrkingsarbeidet.

**Av omsyn til jordvern og nærleik til bustadområdet vert dette området vurdert som lite egna som tippområde for steinmasser.**

#### Landbruk når det gjeld fisk og ferskvassorganisamer:

Ved en utbygging så er det alternativ 2 som har den minste påvirkningen på gyte og oppvekstområder for laks, ørret og elvemusling og er derfor mest gunstig å bygge ut. Dette alternativet har i henhold til konsekvensutredningen middels negativ konsekvens for fisk og ferskvannsorganisamer. En må allikevel sørge for tilstrekkelig minstevannføring ved valg av dette alternativet for å ivareta gyte og oppvekstområder for fisk, samt sikre vandring for fisk og ål og eventuelt andre avbøtende tiltak.

Alternativ 1 som er det lengste alternativet har i henhold til konsekvensutredningen stor negativ konsekvens for fisk og ferskvannsorganisamer. Dette alternativet er det som vil føre til størst negativ påvirkning på gyte og oppvekstområder for fisk og andre ferskvannsorganisamer.

For begge utbyggingsalternativer er det behov for avbøtende tiltak for fisk, elvemusling og ferskvannsorganisamer

##### ***Friluftstinteresser, padling***



I folkemøtet juni 2013, der NVE og MTE la fram planane om utbygging av nye Oterholtfoss kraftverk, kom det ein del innspel om bruk av elvestrekningen til padling. Jfr fagrapporten «konsekvensutgreiing friluftsliv». Utbyggjaren peikar på at dei framlagte fagrapportane skal gi eit så objektivt og korrekt bilete av konsekvensane ved ei eventuell utbygging. MTE har difor over ein periode hatt nøye oppsyn med aktivitetar i området vedkomande padling og har i notat av 21.09.2014 (jfr fagrapporten om «*utfyllande notat om padleaktiviteten i Bøelva*»). Det er registrert liten aktivitet av padlarar.

**Rådmannen tilrår:** Rådmannen viser til at utbyggjaren Midt-Telemark Energi AS har følgd opp kommunestyret sitt samrøystes vedtak frå møte 27.05.2013, søknaden og konsekvensutgreiingane gjeld hovudalternativet som nå har nemninga alternativ 1 (Piperudsletta). Konsekvensutgreiingane er utført i samsvar med krav og retningsliner frå NVE og prosjektet er økonomisk positivt for distriktet og kommunen. Det har ikkje kome fram store negative miljøkonsekvensar jfr samla oversikt over verdi- og konsekvensvurdering i driftsfasen pr fagtema og alternativ (side 85). Utfordringa er fiske og ferskvassorganismer som er karakterisert som «stor negativ konsekvens» og som utbyggjaren jobbar vidare med i høve til «avbøtende tiltak».

Det er eit omfattande og grundig arbeid som er lagt ned i søknad og fagrapportar og vi merkar oss blant anna dette som viktige punkt for kommunen og innbyggjarane:

- I utgreiingsrapporten er det oppsummert med at «utbygging av Nye Oterholtfoss vil etter planen i alternativ 1 mate inn en effekt på 13,5 MW direkte i forbruksområdet. Utbyggingen vil representere en svært viktig forbedring i beredskap og leveringsikkerheten for elektrisk kraft i området, både for næringslivet og for ulike offentlige institusjonar og virksomheter».
- «De kommunaløkonomiske virkningene vurderes som middels til store positive i alternativ 1 og middels positive i alternativ 2». Jfr tabell 24 side 81 i søknad.

#### Rådmannen tilrår følgjande vedtak:

Kommunestyret ber NVE prioritere arbeidet med konsesjonssøknad for Nye Oterholtfoss Kraftverk med sikte på realisering av alternativ 1 innan utgangen av 2020.

**F-004/15**  
**Tilråding:**

*(Representanten Rønnaug Woxen Thoen, SP tok opp habilitetsspørsmålet sitt med visning til tidlegare behandling av saka. Grunnlaget for eventuell inhabilitet er endra da det aktuelle arealet i Bøelva er bandlagt i 4 år framover. Administrasjonen opplyste at representanten ikkje blei erklæra inhabil ved tidlegare behandling men formannskapet/kommunestyret godkjente iflg kommunelova § 40 at ho av personlege orsakart trekte seg frå saka. Pr i dag ser ikkje formannskapet at det er grunnlag for å erklære representanten inhabil i saka – samrøystes vedteke).*

Formannskapet tilrår som Rådmannen – **samrøystes**.

**K-009/15**  
**Vedtak:**

*(Kommunestyret stadfesta vedtaket om at representanten Rønnaug Woxen Thoen, SP kan delta ved behandlinga av saka – jfr formannskapet – samrøystes).*

Som Formannskapet – **vedteke med 20 mot 5 røyster**.

Mindretalet – 5 – røysta for representanten Øyvind Dag Dahle, V sitt framlegg som lyder slik:

1. De negative konsekvensene ved utbygging av Oterholtfossen er for store i forhold til den økonomiske gevinsten til at ein bør gå vidare med planene om utbygging av Oterholtfossen. Kommunestyret ber NVE avvise konsesjonssøknad for Nye Oterholtfoss Kraftverk.
2. Hvis NVE skulle velge å gå vidare med konsesjonssøknaden bør alternativ 2 velges. Da må avbøtende tiltak i tråd med anbefalinger i konsekvensutredningen legges til grunn. Det må også stilles krav om at anbefalinger i konsekvensutredningen om oppfølgende undersøkelser gjennomføres.
3. Kommunestyret ber om at NVE vurderer konsesjonssøknaden i sammenheng med konsesjonsrevisjonen av Sundsbarmreguleringen.

**Rett utskrift**

**Dato: 10.02.15**

**Kopi til:**  
Fylkesmannen i Telemark  
Midt-Telemark Energi AS

